

Godkjent reguleringsplan for Kvivsvegen

I samsvar med plan- og bygningslova (PBL) § 27-2 nr. 3, vert det gjort kjent at Volda kommunestyre har eigengodkjent reguleringsplan for ny stamveg E-39 på strekninga frå Sogn og Fjordane grense til Geitvika i Austefjorden. Planen vart vedteken i kommunestyremøte den 18.01.2007, K-sak nr. 010/07.

Innafor planområdet er det planlagt stamvegtrasé frå Sogn og Fjordane grense til Geitvika i Austefjorden. I tillegg inngår nye tilknytningar til rv.651 ved Geitvika og til fv. 047 ved Kalvatn, Gjersdal og Fyrde, samt område for massedeponi, jordbruksvegar, avkøyrslar, busslommar, m.m.

Dokumenta i saka er lagt ut offentleg ettersyn ved servicekontoret og folkebiblioteket i rådhuset. Planen er og tilgjengeleg på kommunen si heimeside, www.volda.kommune.no Høyringsinstansar og registrerte partar vert orienterte ved eige brev.


Vedteken reguleringsplan er bindande innanfor planområda for alle arbeid og tiltak som er nemnde i §§ 81, 84, 86a, 86b og 93 i plan- og bygningslova. Det same gjeld frådelling og anna bruk av areal og bygningar som kan vanskeleggjere gjennomføring av plan.

Krav om erstatning etter § 32, nr. 1, eller krav om innløyasing etter § 42 i plan- og bygningslova må vere sett fram seinast tre -3- år etter denne kunngjeringa. Krav om erstatning og innløyasing skal ein rette til Kommunen.

Ein kan i medhald av PBL §§ 15 og 27-3, jfr. forvaltningslova kap.VI, klage på vedtak om eigengodkjenning av plan til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Klage, som må vere skriftleg, skal merkast med arkivnr. 2007/27 og sendast til Volda kommune, Samordnings og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda, innan 01.03.2007.

Administrasjonssjefen



Raud linje viser trase` for Kvivsvegen mellom Grodås og Austefjorden